

# Halling- ljom



Fagblad for Hallinglaget - i Oslo -

- N.R. 1/20 -

# **INNHALD**

<b>Innhaldsliste</b>	<b>side</b>	<b>3</b>
<b>Fyriord</b>	<b>side</b>	<b>4</b>
<b>Innkalling til årsmøte</b>	<b>side</b>	<b>6</b>
<b>Årsmelding for Hallinglaget</b>	<b>side</b>	<b>7</b>
<b>Årsmelding for Hallingbu</b>	<b>side</b>	<b>11</b>
<b>Minikurs i hallingspringar</b>	<b>side</b>	<b>12</b>
<b>Program for vinteren/våren</b>	<b>side</b>	<b>13</b>
<b>Dansing hausten 2019</b>	<b>side</b>	<b>14</b>
<b>Ta ein tur te Hallingbu</b>	<b>side</b>	<b>15</b>
<b>Holsdagen 2019</b>	<b>side</b>	<b>16</b>
<b>Ny logo til Hallinglaget</b>	<b>side</b>	<b>18</b>
<b>Setesdalskultur på verdensarvlista</b>	<b>side</b>	<b>18</b>
<b>Lov for Hallinglaget</b>	<b>side</b>	<b>19</b>
<b>Infoside om Hallinglaget</b>	<b>side</b>	<b>20</b>
<b>Folkedanskveldar</b>	<b>side</b>	<b>21</b>
<b>Styret i Hallinglaget</b>	<b>side</b>	<b>22</b>

## Fyriord

Godt nyttår alle saman! Året er 2020! Eit nytt tiår er starta opp!

Eit usedvanleg godt danseår ligg bak oss. Eg synes det er stort at me klarer å samle 15-25 personar på kvar danseøving ein onsdag! Det er imponerande, og det må skyldas at spelet og dansen har noko ved seg som fengjer. Det er noko fascinerande å dele eit par dansar med eit anna menneske, då er det me to som sviver gjennom verda i ei kort gledestund i den store evigheita. Og det er noko rart med hallingspringaren: at ein kan danse i to timer med ei lita pause utan å bli sliten, berre bli varm og god og litt sveitt! Me er jo alt i gang med dette året, fyrste øvinga 15. januar samla 17 danserar, med eit overskot av kvinner! Høyrer dikkon det karar? Her må fleire menn kome for å danse! Dei som treng eit oppfriskingskurs i springaren kan bli med på det gode minikurset vårt 2. februar kl. 18.00 i Halli i Nordahl Bruns gate 22. Her blir det drivande dansespel vel Åsmund Fauske Jøtun og lettfinneleg og effektiv instruksjon ved Eirik Fuglesteg Luksengard! Desse to bidrog også til det gode minikurset i haust som samla 25 ivrige dansarar! Aldri har folk lært springaren raskare (nokre kunne eindel frå før), for etter under ein time så dansa folk hallingspringar! Møt opp og opplev det magiske med folkedans! Folkedans har noko å gje for alle, det er super trim!

Året i fjor hadde mange høgdepunkt for oss som har folkedans og folkemusikk som hobby! Faktisk er nok Oslo den staden i landet der det dansast mest! Det er tre stader ein kan danse jamnt og trutt, til døme i amatørane sine høgborg i BLS sine salar i Nordahl Bruns gate 22. Her går dansen omrent kvar dag veka igjennom, med ein Folkedanskveld som avsluttar veka kvar sundag med minikurs og dansekveld med gode orkester. Kvar tysdag er det danseøving i Leikarringen i BUL, her dansar 40-50 (mest ungdommar) i to timer i Teatersalen i Rosenkrantz gate 8. Leikarringen feira 100 år i 2019, så dei skipa til 8 store arrangement i fjor! – her har BLS noko å lære, for dei slit med å finne folk som vil skipa til ein hundreårsfest i 2023! Og så er det Riksscena som har store økonomiske ressursar frå statsbudsjettet! Dei skipar til mange bra arrangement som også Hallinglaget reklamerer for: Det var ei heil helg med «Hallingdal på Riksscena» i haust, det var Folkelarm i tre dagar til endes, det var Osloappleik og sjølvaste Kvedarkvintetten spelte seint ein kveld. Onsdagen før var heile fire frå Kvedarkvintetten innom springarøvinga vår, for det var Helga Myhr som spelte. Då tro dei til med ein song som me kunne danse til! Det var ei stor opplevelse å danse til den fine songen for me som var der. Takk for alle glade overraskningar i året som gjekk ...

PR-stuntet i Ekebergåsen i mai vart vellukka for folk møtte opp og dansa – seks par! Takka vere Bjørn Aasheim og underteikna si utrettelege innsats vart det mykje PR ut av dette. Det vart artiklar i mange blad og aviser, til døme fine artiklar i bladet Folkemusikk og Norsk Ungdom og avis Nordstrand Blad. Og på Facebook kokte det med biletar og videoar, og me som var med syntest det var moro å danse ute i fint vårvêr.

Noko me aldri blir ferdig med er å halde Hallingbu, hytta vår i Lillomarka i stand. Det planlagde arbeidet med takstige og feieplattform er lagt på is. For dette vil skade bølgjeblekket og taket! Søknad er sendt til Nedre Romerike brann- og redningsvesen om at me vil feie sjølv, slik som før, men at me kan betale for å få pipa inspissert! Dette bør gå då me nok berre bruker omnen 15 timer i året! Ein ny god omn av type Jøkul 602 er på plass i midtrommet. Få eller ingen bruker hytta om vinteren, så Hallingbu er blitt ei sommarhytte. Minimum arbeid til sommaren må vere å måle vindauge i stugua ute og inne, litt ny maling inne slik som på peis og brannmur, samt rydde vekk noko skog rundt hytta og nedover mot Ormetjern. Dette er eit triveleg dugnadssarbeide som me håper folk vil støtte opp om. Dugnadene og kosen med grillinga på Hallingbu er noko av det beste Hallinglaget får til.

Hallinglaget vart skipa så tidleg som i 1899, så me er eitt av dei eldste bygdelaga! Me som har vore med i mange år kjenner litt på alderen, men me heldt uts unge i kropp og sinn. Heldigvis har mange unge begynt å møte på øvingane, faktisk nokre av andre generasjon der også nokre av foreldra møter opp! Dette er veldig triveleg og gledeleg. På øvingane prøver alle i styre og stell og få til den gode hallingstemninga som er livgjevande for hallingar og andre som driv på i den travle byen. Me som er med i laget opplever mange gode stunder som varmar kropp og sjel.

Så følg med på kva som skjer i laget og kom og bli med og dans!

Kjenner du nokon som er interessert i hallingkultur så få dei med på ei øving ... berre dei gode kakene som me har på øvingane er verdt inngangspengane. Takk til kakebakerane.

### ***Leve Hallinglaget og Nordahl Bruns gate 22!***

*Beste helsingar  
frå Terje Grangård,  
Leiar i Hallinglaget*



*Helgekursen hausten 2019, laurdag 26. og sundag 27. oktober. Fotograf: Svein Aasen.*

*Det var over 30 deltagarar innom. Instruktørar var Knut Skrindo og Sina Myhr, spelemann var Åsmund Fauske Jøtun som på bildet liggjer på golvet. Åsmund spelte meisterleg, men var sliten etter 7 timars spel på kurset og to økter på Jubelleikfesten til BUL laurdagsnatta. Takk for at me folk som vil ta i eit tak for Hallinglaget i Oslo. Takka vere slike så kan me drive på år etter år med kurs, Hallinglaget har skipa til slike gode helgekurs i over 30 år!*

# **INNKALLING TIL ÅRSMØTE I 2020**

## **I HALLINGLAGET I OSLO**

**Me kallar inn til årsmøte for Hallinglaget  
Onsdag 26. februar kl. 19.00  
i  
Blåsalen  
Nordahl Bruns gt. 22.**

### **Sakliste:**

1. Val av ordstyrar og referent
2. Godkjenning av innkalling og sakliste
3. Godkjenning av årsmelding for styret og hyttestyret for år 2019
4. Godkjenning av rekneskapen for 2019
5. Arbeidsplan for år 2020
  - Arbeid på Hallingbu: nytt pipebeslag? male vindauge ute, måle litt inne og rydde noe skog nedover mot Ormetjern.  
Ny logo er klar! Skal me få laga caps'ar? – eller T-skjorter?
6. Fastsettjing av prisar og medlemspengar for 2021.
7. Val av nytt styre (4–6 pers.), hytteyre (3-4), bladnemnda (3) og valnemnda (2–3)
8. Velje representantar til Årsmøte i BLS 23. mars og landsmøtehelg i NU 24.-26. april
9. Diskusjon:
  - Visjonar for framtida for Hallinglaget og BLS

Saker som ein ynskjer skal takast opp, må vere styret i hende seinast 16. februar 2020.

Berre dei som har betalt medlemskontingent for 2019, har røysterett på årsmøtet.

Det vert servering av kaffi/te og kaker.

Styret håpar på godt frammøte.

Vel møtt!

# Årsmelding for Hallinglaget i Oslo 2019

## **Styret:**

Leiar: Terje Grangård.  
Nestleiar: Berit Grøtt Ellefsen.  
Kasserar: Gro Sissel Taraldrud.  
Skrivar: Heidi Wie.  
Styremedlem: Else Mohn.  
Styremedlem: Åsmund Fauske Jøtun

## **Hyttestyre:**

Hyttesjef: Else Mohn  
Medlemer: Michel Gascoin og Trond Roseth.

**Bladstyre:** Terje Grangård, Else Mohn og Olav Arne Løstegaard.

**Danseleiar:** Knut Skrindo.

**Valnemnd:** Svein Aasen, Olav Arne Løstegaard og Hilde Hjetland.

**Revisor:** Alix Cordray

Hallinglaget hadde årsmøte den 27. februar i 2019. Dette året hadde Hallinglaget 31 fullt betalande medlemer og 11 bimedlemer. Av medlemene var det ein person under 26 år, me håper på fleire! Ungdomen har begynt å kome dette året, så no ser me litt meir positivt på framtida! Det er 3 fleire medlemer enn i fjor og det er bra. Antall medlemer er særsviktig for laget, så bruk innbetalingskortet! Skal Hallinglaget overleva på sikt må me også ha rekruttering i styre og stell. Laget håper å få med endå fleire medlemer neste år. Merk at det er ekstra rimeleg for dei under 26 år og bli medlem (kun 250 kr.), for dei over 26 er det 380 kr. også for 2020.

Dette året har vore eit særsviktig danseår, der mange gode spelemenn og kvinner har spelt for oss. Våren 2019 hadde laget 8 hallingspringarøvingar/lagskveldar i Blåsalen i Nordahl Bruns gate 22. Det var godt og variert spel på desse øvingane. Både Åsmund Fauske Jøtun, Sina Myhr, Atle Haugen og Ola R. Imset spelte for oss på hardingfele. Og vår helt frå Hallingdal Ulf-Arne Johannessen spelte på to øvingar på einpikkar og det gjorde at mange unge kom. Vår nye styremedlem og spelemann Åsmund har også trekt mange nye til laget så no går verkeleg dansen over glatte golv. Dette kan ein også følgje med på sidene våre på Facebook «Hallinglaget i Oslo». Me har også bilder og videoar på Instagram.

Hausten 2019 hadde Hallinglaget 8 hallingspringarøvingar/lagskveldar. Denne hausten hadde me ei utruleg liste med gode spelemenn/kvinner – laget retter ein stor takk til alle dei som spelte for oss: Åsmund Fauske Jøtun, Helga Myhr, Bjørn Aasheim, Atle Haugen og Ola R. Imset, samt Kjetil Meberg Myhren og Eilev Groven Myhren. På juleavslutninga skapte Ulf-Arne Johannessen og Åsmund ei kjempegod stemning. På alle øvingane har me no heimebaka kake, noko folk set veldig stor pris på. Hallinglaget sender ein stor takk til alle dei gode kakebakarene me har i laget vårt. Øvingskveldane har hatt eit oppmøte på 13 - 22 personar. På juleavslutninga vart det registrert heile 32 personar! Styret synes det viktigaste laget gjer er å halde liv i dette dansemiljøet i hovudstaden, og takker alle som kjem og dansar og bidrar til det gode samhaldet i laget.

Dette året har me hatt fire styremøte i Hallinglaget der me planlegg aktivitetar og drift. Styremøta har vore i Nordahl Bruns gate, på onsdagar før springarøvingane startar opp. Stemninga på styremøta er god og til mat er pizza servert. Hallinglaget bruker nå også Facebook i PR-arbeidet saman med e-postar og Web-sidene som har vore brukt i mange år.

Hallinglaget arrangerte 2 minikurs i hallingspringar på sundagar dette året (3. februar og 21. sept). Minikursa startar kl. 18.00 og varer i ein og ein halv time, før Folkedanskvelden startar. Desse kursa samlar 15-25 deltakrar i alle aldrar og dei skapar god blest om dansen vår. Laget rettar ein stor takk til Åsmund Fauske Jøtun som spelte på kursa og Knut Skrindo og Eirik Fuglesteig Luksengard som instruerte på kvart sitt minikurs. Merk dykk at minikursa i Nordahl Bruns gate på sundagskveldane er gode! Her kan ein repetere eller prøve seg på nye dansar, alt frå rørspols til springleik. Heldigvis er hallingspringaren så populær at minikursa går i balanse. Også fordi at dei som heldt det ikkje krev så store honorar! Hallinglaget satsar på desse minikursa og vil halde fram med dei. Knut Skrindo har også vore danseleiar dei siste par åra, han kjem ofte innom på øvingane og inspirerer oss til innsats.

Ei stor PR-hending skjedde onsdag 22. mai kl. 18.00 oppi Ekebergåsen, der mange frå Hallinglaget og Telelaget dansa på ein betongplattning ved Munch-punktet. Initiativet kom frå Bjørn Aasheim som ville syne samspelet mellom by og land når det gjeld folkemusikk og dans. Felemusikken frå landet vart overført til trekkspel og toradar og spelet og dansen var populært i hovudstaden for 100 år sidan og framover. Hallinglaget takkar ærbødigast dei som stilte opp i utrygt vær! - heile seks dansepar møtte opp og opplevde ein kveld som vart heilt utruleg fin. Dei som var med var særslig glade over at det gjekk så bra, det vart danse både hallingspringar, gamaldans og laus – og telespringar sjølvsgått ved Telelaget. Det vart tatt mange fine biletar og videoar som har skapt god PR og blest for laga og folkedansen i Nordahl Bruns gate 22. BLS hadde eigne fotografar til stades, men det var meisterfotografen Knut Utler som kom forbi og la ut masse på Facebook same kvelden/natta som gjorde kvelden kjent!

Nokre medlemer i Hallinglaget vitja også i år Den norske Folkemusikkveka på Ål, siste helga i mai (23. mai - 27. mai). Ja, det var særslig mange som var på plass under Buskerudkappleiken som i år var lagt til Folkemusikkveka. Takk til Åsmund, Simon og Solfrid som meldte Hallinglaget i Oslo på til Lagdans på Buskerudkappleiken... Veldig bra at me klarte å stille lag – heile seks par dansa ein hallingspringar på scena i Ål Kulturhus til gnisrande dansespel ved Øyvind Brabant! Det var ei opplevelse, også det og øve i den fine og romslege Skålen dei har bak scena på Ål. Ein stor takk til dei som dansa: Åsmund og Hilde, Simon og Ingunn, Solfrid og Sebastian, Jon og Silje, Mathias og Levina, Terje og Mari. Laget fekk ein fin 2. plass berre to poeng etter dei som vant: Hugnadsheim United (heile 8 par med kremen av dansarar frå Hugnadsheim på Torpo!). Ein laudsans av Simon Hesselberg Løvald under godkartevinga, så elegant og fin vart lagt ut på Facebook sida til Hallinglaget. Simon reiste til Tyskland for å studere i haust, laget takkar han for alt han har bidrige med for laget, Det er slike glade og gode danserar alle danselag treng! – måtte det kome nye etter ham ... og det ser slik ut, hurra! Merk dykk at dagane på Ål er veldig bra og gjer ei god opplevelse kvart år; folk i alle aldrar koser seg inne og ute. Kjentfolk styrer det heile, ein stor takk til Ulf-Arne som har gjort ein særslig god jobb dei siste åra, han har skapt liv både ute og inne! Ulf-Arne gav seg i 2019 og no er det vår tidlegare danseleiar, Silje Risdal Liahagen, som har tatt over styringa! Det trur me også blir bra.

Den årlege Spikjkjøtturen til Hallingbu var onsdag 12. juni i ruskute summarvær! Dette året var det Else og Heidi som med hjelp av Svein Aasen som sørget for at det vart tur. Dei som var med utanom desse var Trond og Hilde så det vart mykje mat på dei som stilte opp. Merk dykk at alle som kjem seg til Hallingbu blir ekstra glade og nøgde.

Hallinglaget skipa også dette året eitt flott helgekurs i hallingspringar, helga 26. - 27. oktober. Mange av deltakerane hadde dansa før, så det vart mest eit vidaregåande kurs i hallingspringar! Dei fleste

sette pris på at instruktørane ustanseleg kom med nye spanade turar! Folk lærte veldig mykje dene helga. Ein stor takk til instruktørane Knut Skrindo og Sina Myhr. Dei synte turane fint og dansegleda deira smitta over på deltakarane. Det var over 30 som var med dette kurset. Dansespelet til Åsmund Fauske Jøtun var særsla bra så me klarte å danse time etter time.. Maten som kvinnene i Styret/Laget laga smakte godt som vanleg, og eg trur at nokre kjem att kvart år på grunn av den. Dessutan får ein ikkje dansa meir hallingspringar enn denne dansehelga nokon stad! Heile Styret deltok og då er det moro å vere leiar! Det er heldigvis mange som melder seg på desse kursa, så me vil halde fram med dei! Desse kursa er faktisk det beste Hallinglaget får til kvart år, me har no halde slike kurs i over tredve åra! Det er me skikkeleg stolte av (sjå bilde etter fyriordet!).

Hallinglaget var tilskipar av Folkedanskveld i Nordahl Bruns gate 3. mars og 22. september. Nytt av året var at me i haust (22. september) hadde både minikurs og tilskiping på same kvelden. Det gjekk bra, sjølv om vaffelsteiking løste ut brannalarmen! Så det vart ein dum stopp før alarmen var avblåst. Så alle framtidige vaffelsteiker: hugs å slå på vifta og pass på at det ikkje går heilt varmt i vaffelpressa! Takk til dei som hjelper Hallinglaget til å ta denne dugnadskvelden, laget er særsla takknemleg. Elles er det ofte for lite folk på Folkedanskveldane! Alle må merke seg at Folkedansnemnda i BLS arbeider hardt med å halde liv i sundagsdansen! Kvar sundag er normalt eit godt minikurs og ei god spelgruppe som spelar til dans. Om folk ynskjer at dette dansemiljøet i hovudstaden skal bestå, må folk ta seg ein tur nokre sundagar i året. Eg foreslår at me satsar på ein sundag kvart halvår, der Hallinglaget stiller opp med fullt mannskap og set fart på dansen. Til døme når me sjølve har minikurs og tilskiping, det skjer alt sundag 2. februar frå klokka 18.00. Faktisk er folk som er med i Hallinglaget relativt gode til å møte opp! Hurra!

Hallinglaget stilte ikkje lag i Lagdans på Oslokappleiken i år heller. Kappleiken var på Riksscena, laurdag 9. november. Laget var litt slitne etter kurshelga to veker før og mange i laget har lang veg til sentrum av Oslo og mange har mykje anna å drive med i helgene. Det er lettare å samle folk ein onsdagskveld enn ei helg. Mange av dei nye ivrar for at me skal få det til så kanskje neste år. Me har i alle fall mange gode spelemenn/kvinner som kan spele for oss. Men det er ikkje ideelt at Oslokappleiken drukner i Folkelarm som går i eitt frå torsdag til sundag same helga.

På Juleavsluttinga den 4. desember hadde Hallinglaget gildt besøk av Ulf-Arne Johannessen frå Ål og vår eigen spelemann Åsmund Fauske Jøtun. Dei spelte kjempebra på henholdsvis einpikkar og hardingfele, noko som gav særsla god stemning og bra dansing. Me laga det til slik som året før: først serverte me gløgg, småkaker og klementiner, før det etter ein time vart bordsete der me kosa oss med gode heimelaga rundstykkje med godt pålegg. Det er populært at me prioriterar dansen, så folk kjem i flokk og følgje. Det var over 30 personar til stades. Ein stor takk til alle som kom, for denne kvelden gav framtidsvon til laget.

Som bestemt på årsmøtet i 2019 vart hardingfela til Hallinglaget selt denne hausten til minsteprisen på kr. 35.000,-. Det var ei hardingfela laga av Einar Løndal frå 1983 som Hallinglaget har eigd i vel 20 år! Fela vart solgt til ein heidersmann frå Telemark, opprinneleg frå Tuddal som er same bygda som Løndal kom frå. Så fela kom til ein god heim og er no i bruk av eit barnebarn til eigaren.

Lagsavisa Hallingljom har også dette året kome ut i to eksemplar. Begge utgåvene i år er trykt i farger hos CopyCat på Helsfyr, det er fine utgåver, men dei kostar pengar. Så papirkopier bli no berre sendt ut til medlemer, til dei som kjem på øvingane og kurs og til dei som er nemnt i bladet. Dei andre får avisar på elektronisk form. Arbeidet med lagsbladet er viktig, både for PR-arbeidet og når me skal söke om stønader for lagsdrifta. Hallingljom er ein viktig årsak til at aktivitetane går så bra som no. Terje har også dette året laga aktivitetsguidar for våren og hausten og har oppdatert nettsidene våre på [www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net). Her ligg også dei siste utgåvene av Hallingljom lagra.

Dette året fekk Hallinglaget diverse stønad frå Sparebank 1 Hallingdal Valdres, Skue Sparebank, Studieforbundet for kultur og tradisjon i Vågå og Norsk senter (Rådet) for Folkemusikk og Folkedans i Trondheim (RFF). Tilskipingane våre har også dette året gått bra, folk kjem heldigvis på øvingane og tilskipingane våre. Hallinglaget rettar ein kjempestor takk til alle som bidreg og som tar i eit tak for laget.

Har de noko på hjarta, så skriv det i bladet vårt! Hallinglaget set stor pris på at folk skriv og engasjerer seg i det som me driv med. Vel møtt til det nye året, til leik og moro og beinhard jobbing.

*Leve Hallinglaget!*

22. jan 2020,  
Terje Grangård



*Styret 2019-2020: Frå venstre Terje Grangård, Gro Sissel Taraldrud, Heidi Wie, Berit Grøtt Ellefsen, Else Mohn og Åsmund Fauske Jøtun.*

# Årsmelding Hallingbu

Me skriv 2020 og mange fine turar te Hallingbu også i året som var, der Michel både starta og avslutta året, det har omrent blitt ein god tradisjon det no.

Den viktigaste dognadsjobben me fekk gjort i året som gjekk var å få nytt kokeapparat med slange te kjøkkenet og ny Jøtulomn te midtrommet. Omnen brenn godt og det er me glade for, den var nemleg litt av eit beist å få frakta inn på tralle gjennom skogen frå Sinober og inn te Hallingbu.

Den store jobben med å blidgjere Nedre Romerike brann- og redningsvesen har me lagt på is da dette vert både grådig kostbart og verken takstige eller feieplatform er egna for Hallingbu sitt gamle bølgeblikktak. Me har søkt om å få feie sjølv, at me betalar og at dei kan få kome og inspisere. Det håper me går for det er veldig lite sot i pipa då hytta brukast veldig lite! Me håper at reglane for at «heile hytte-Noreg skal feiast» vert endra og lempa på etterkvart som verkelegheita synar seg litt annleis i praksis enn inne ved eit skrivebord... naudsynt er det heller ikkje; pipa har me utan problem feid sjølv i alle år og med godt resultat. Så mykje vert det heller ikkje fyra, sjølv om det gjer godt å samlast rundt peisbålet når me er der, eller te dømes steike meddag på omnen i midtrommet.

På den årlege spikjikjøtturen talte me 5 stykkjar rund bordet, så det vart godt med mat på dei som er glad i spikjimat! Ein rektig fin tur denne junikvelden, då natta er lys og livet så mykje lenger..

Framover satsar me på å få måla litt, blant anna glaset i stugua utvendig og noko på peisen inne. Eg vil kontakte ein kjenning som er blikkenslager for å få eit fagleg blikk på taket, spesielt pipebeslaget som er gamalt og noko slitent. Ute vil me ta ned skog rundt hytta for betre å sjå Ormtjern att, for det gror godt i Lillomarka. Spørsmålet som melder seg er kva me skal gjera med all veden, svaret må vera å lage eit godt vedlager ute nede ved uthuset, men aller viktigast er det å bruke hytta meire. Difor gjeng meldinga te den som er medlem av laget og ynskjer seg ein tur te skogs der ein kan kjenna på fred og fridom, det er berre å seia i frå; Hallingbu tek meir enn gjerne imot kvar og ein!

Godt nytt år

Else



*Peisen på Hallingbu i all sin prakt!*



*Den nye jøtulommen av type 602!*

## MINIKURS i HALLINGSPRINGAR

Sundag 2. februar i Halli kl. 18:00

Her vil dei som kjem få ein god gjennomgang av hallingspringaren, samt få dansa mykje i den kjempefine salen Halli, som har det beste dansegolvet i hovudstaden.

Instruksjon frå 18:00-19:30 ved **Eirik Fuglesteg Luksengard**, A-klasse dansar i springar og laus frå Ål som no arbeider som lærar i Oslo. Særs godt dansespel ved **Åsmund Fauske Jøtun**, hardingfelepelar og dansar frå Gol som også er styremedlem i Hallinglaget.

Dette kurset passer både for nye og røynde danserar. Etter dette minikurset kan ein dansa vidare på Folkedanskvelden som vil vare frå 19:30-22:30. Denne kvelden spelar Eiker Spelemannslag og Åsmund vil spele eit lite kvarter på kvelden også – så alle kan sjå kor kjekt det er å dansse hallingspringar. Merk dykk at Hallinglaget også skipar til denne Folkedanskvelden, så meld deg på til laget for ein liten dugnadsinnsats så kjem du inn gratis!

Elles: **Inngangspengar: 130 kroner (80 kr. for studentar) som gjeld for heile kvelden,**

Etter eit slikt kurs er ein meir enn klar for øvingskveldar i Hallinglaget (sjå bilde). Her kan ein også få litt instruksjon og ein lærer best ved å dansa med folk som har dansa før! Og i Hallinglaget bytter me dansepartner ofte – det er då ein lærer best!



Frå ei springarøving i Hallinglaget hausten 2019. Dansen går over glatte golv!

# ***HALLINGLAGET i OSLO vinter/vår 2020***

## **Program i Blåsalen, Nordahl Bruns gt. 22.**

### **Det er springardansing desse onsdagane:**

<b>15. jan.</b>	Springarøving kl. 19:00.	- Åsmund Fauske Jøtun spelar!
<b>29. jan.</b>	Springarøving kl. 19:00.	- Kjetil M. og Eilev G. Myhren spelar!
<b>12. feb.</b>	Springarøving kl. 19:00.	- Jegeir Trøim spelar! Gjesteartist!
<b>11. mar.</b>	Springarøving kl. 19:00.	-
<b>25. mar.</b>	Springarøving kl. 19:00.	- Helga Myhr spelar!
<b>22. apr.</b>	Springarøving kl. 19:00.	-
<b>6. mai</b>	Springarøving kl. 19:00	-
<b>3. jun.</b>	Springarøving kl. 19:00.	-
	Utdeling av diplom til ihuga dansarar.	
	Ut å ta ei øl etter siste øvinga før sumaren?	

Nytt av året: ***Hjarte til hjarte konsertar*** nokre av onsdagane frå 18:50- 19:05!  
Følg med på e-post, [www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net) og Facebook!

### **Andre viktige hendingar dette halvåret:**

**Sundag 2. februar:** **Minikurs i hallingspringar** for alle interesserte!  
før Folkedanskvelden kl. 18:00. Gnistrande dansespel ved Åsmund  
Fauske Jøtun og super instruksjon av ??? i 1,5 timer.  
Hallinglaget er også tilskipar denne kvelden, ta ei vakt! Spis våre gode  
vaflar, dans til Eiker Spelemannslag og Åsmund spelar også 15 min!

**Onsdag 26. feb.: ÅRSMØTE I HALLINGLAGET!**  
Startar presis kl. 19:00 i Blåsalen. Medlemer oppfordrast til å møte!

**21. mai – 24. mai:** **Folkemusikkveka på Ål!**  
Sjå: <http://www.folkemusikkveka.no> – Silje Risdal Liahagen er ny leiar!  
Her blir det mykje kjentfolk frå Hallinglaget. Ta nokre fridagar i mai og bli med!  
Hallinglaget vil leige ei hytte eller to i Satakroken som vanleg ...

**Onsdag 10. juni:** **Spikjkjøttur til Hallingbu!**

**24. juni - 28. juni:** **Landskappleik i Rjukan i Tinn!**  
Telemark er bra! Sjå: <https://www.landskappleiken.no>  
Her blir det liv og mykje dansing!

**VELKOMNE SKAL DE VERA!**  
Meir info. på [www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net)  
Facebook: Hallinglaget i Oslo  
Vipps: 48034943

### **KONTAKTPERSONAR:**

Terje Grangård (48 20 46 52), ([grangard@online.no](mailto:grangard@online.no))  
Berit G. Ellefsen (48 04 00 62), ([beritsatelier@hotmail.com](mailto:beritsatelier@hotmail.com))  
Gro Sissel Taraldrud: (48 03 49 43), ([gst@cultura.no](mailto:gst@cultura.no))

## Dansing i Hallinglaget hausten 2020

Denne hausten har me hatt mykje god dansing i Blåsalen, så me i Styret ser lysare på framtida. Hallinglaget er så heldige at det er mange særslig gode spelemenn i byen og me har også vitjing frå Hallingdal, noko me set stor pris på. Levande musikk er vår beste måte å få med folk, saman med gode kaker så er det topp. Mange av øvingane i haust hadde rekorddeltaking og særslig gledeleg er det at fleire ungdomar har kome innom. Litt statistikk som viser kor mange som har møtt opp på øvingane denne hausten er artig:

28. aug.	11.sep.	25. sep.	9. okt.	23. okt.	6. nov.	20. nov-	4. des.
21	16	18	13	16	17	22	32



*Det har vore særslig god stemning rundt kaffibordet og på øvingane dette året. Det er moro at så mange finn vegen til Nordahl Brunsgate på onsdagskveldane. Fotograf: Terje Grangård.*

## Ta ein tur til Hallingbu, det er topp!



På vandring til Hallingbu, hausten 2019, Trond Roseth og Else Mohn.

## Holsdagen – ei kulturfest i Hallingdal kvart år

*Frå Facebook og Wikipedia kan ein lese:*

**Holsdagen** viser korleis eit bondebryllaup kunne gå føre seg på 1800 talet i Hallingdal med forskjellige historier med tilknyting til Hol kommune. Det har vore feira bondebryllaup på Holsdagen sidan 1957, både som ekte bryllaup og som skodespel. Arrangementet legg vekt på å vera tradisjonsriktig. Det byrjar med ei vigslig av eit brudepar i Hol gamle kyrkje, før det går over til brureferd langs [Holsfjorden](#). Ferda endar opp i bryllaupsgarden ved Hol bygdemuseum, og bryllaupet blir feira på tradisjonelt vis. Det er også innslag av sentrale hendingar i bygdesoga opp gjennom tidene.

Sjølv om det er vanskeleg finne både ekte brudepar og skodespelarar, så har Holsdagen lykkast med det i over seksti år! I fjor, dvs. i 2019, var Hallinglaget sin eigen styremedlem og spelemann Åsmund Jøtun Fauske som tok på seg den krevjande jobben med å være brudgom! Med seg som brud fekk han ei vakker jente som heiter Kathrine Kinn. Kathrine er med i folkedansrørsla, men har aldri vore på nokon øving i Hallinglaget enno! Men me kan vel si her at ho er hjarteleg velkommen til ein gratis øvingskveld? Med seg i bryllaupet hadde dei også brudepiken Solfrid Nestegard Gjeldokk og brudesvein Sebastian Namork. Begge dei sistnemnte er ofte med og dansar i Hallinglaget og eg mistenker at Solfrid hadde mykje av æra for dei andre stilte opp! Åsmund vart ein super brudgom, han var den fyrste i historia som spelte hardingfele medan har reid på ein hest i opptoget på veg frå Hol gamle kyrkje! Og heldigvis, alt gjekk bra og alle var nøgde, særleg fotografane som verkeleg fekk tatt fine bilete av brudefølgjet. Bileta som er saksa inn her i Hallingljom har eg tatt frå nettet! Eg håper det er greitt når eg skriv kven som har tatt dei. Hurra for dei gode fotografane.



*Frå venstre: Kathrine, Solfrid, Åsmund og Sebastian i sin finaste stas! Fotograf: Rita Stavn.*

Hallingljom hadde også ein del spørsmål til «brudgomen» Åsmund, les intervjuet her:

Korleis klarte du å ri samstundes som du skulle spele? *Hehe, det gjekk eigentleg ganske så greitt. Hesten oppførte seg fint medan eg satt og spelte, så det baud ikkje på nokre nemneverdige utfordringar.*

Likte hesten lyden av fela? Roa den seg ned etter kvart? *Eg vil tru hesten ikkje hadde noko i mot spelet. Eg vart ikkje kasta då i alle fall.*

Kor langt går eigentleg opptoget? *Hmm... kanskje 2 km.*

Er det dans for vanleg folk under Holsdagen? *Ja, sjølvsagt!*

Det vart vel eit særslag fint bryllaup? Sjølv om det var teater? *Jau! Det va særslag trivele å gifte se, sjølv om det berre va «fake».*

Korleis skal ditt eige bryllaup, ein gong, overgå dette? *Hahah, det vil tida vise.*




*Her ser me Åsmund sitjande høgt på sin hest med fela si!. Godt gjort å klare begge deler synes no me i Hallinglaget.*

*Elles takkar Hallinglaget Åsmund for mange gode danseslåttar i året som gjekk! Makelaust spel.*

*Fotograf: Anders Lunden Herfoss.*

## Ny logo til Hallinglaget



*Det er Trond Anderson fra Ål som har laga den nye Logoen til Hallinglaget! Takk til ham.*

*Me synes logoen er tøff og at den passer godt til Hallinglaget som driv med folkeleg kultur.*

Denne logoen vil me ta i bruk til diverse PR-arbeid for Hallinglaget – så følg med!

Dette er ein sak på Årsmøtet den 26. februar (sjå side 6), der me skal bestemme om me skal lage ein artig Cap's med denne logoen eller ei fin T-skjorte som me kan danse i!

Då blir det enno meir kult å danse hallingspringar – trur me!

I alle fall så kokte det under dansen på Riksscena i går kveld (25. jan 2020). Då var det Øyvind Brabant frå Nesbyen som fekk folk på golvet med sitt fantastiske spel! Og alle koste seg veldig i den timen dansen/konserten varte ... *Takk til Øyvind!*  
*God reklame for hallingspringaren!*

*Ref.: Terje Grangård, som var der!*

## Kulturtradisjon i Setesdal blir ein del av verdensarven!



*Det er noko ekte urnorsk over setesdalsdansen som fekk ei gild utmerking i 2019.*

Tenk at stevkunst, dans og folkemusikk frå Setesdal har fått plass på UNESCOs verdensarvliste for immateriell kunst. Det skjedde i fjor og mange glede seg, mellom anna ei Folkehøgskole i Setesdal som har fått større sokning. Veldig gledeleg at verden for augene opp for ekte norsk kultur.

# **LOV FOR HALLINGLAGET I OSLO**

(Denne teksten vart vedteke på Årsmøtet 28. februar 1996)

## **TUFT**

1.1 Hallinglaget er eit frilyndt ungdomslag for hallingar i Oslo. Det er av og for hallingar og deira skyldingar i byen. Men vener og andre som syner særleg godhug for laget, kan òg bli med. Laget vil halda i hevd og utvikla kultur frå Hallingdal.

1.2 Laget skal halda hallingspringaren i hevd gjennom faste øvingskveldar og skipa til kurs med jamne mellomrom. Hallingspelet skal hegna om - låttar frå Hallingdal skal lyda i salane der laget kjem saman. Hardingfela skal ha hovudrolla, men låtinga kan elles kome frå eldre folkemusikkinstrument, reine røyster og dragspel. Laget godtek all dans og musikk, men vil særleg dyrka den eldre bygdedansen i landet. Eit særskilt ansvar ligg på laget for å驱va vidare dans og spel som tradisjonelt har hørt Hallingdal til; - lausdansen og hallingspringaren.

1.3 På samkomer skal medlemene tala sitt naturlege heimemål. Nynorsk skal nyttast i alle skriv som har med Hallinglaget å gjera og i lagsbladet Hallingljom. Laget vil vekkja folk til auka vørtnad for hallingmålet og anna norsk mål.

1.4 Laget skipar til samkomer av ymse slag. Føredrag frå innbedne gjester og eigne krefter skal kveikja til ordskifte mellom medlemene og gjeva gaum i lagsflokkene. Styret syter for å finna fram til folk som kan opplysa oss i interessante emne og gje god underhaldning som høver laget vårt.

1.5 Rusmiddel skal ikkje dyrkast i Hallinglaget.

1.6 Laget driv elles vanleg ungdomslagsarbeid og set opp spelstykke når lagslyden ynskjer det. Friluftsliv og idrett høyrer naturleg med i drifta av Hallinglaget. Lagshytta Hallingbu står i Lillomarka og skal brukast av medlemene.

Dette er saksa får web-sidene for [www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net), under punktet «Lover». Det er viktig at det formelle er på plass for eit lag, det hender med må sende slike ting til bankforbindelse så dei ser at me er eit ordentleg lag med orden i sysakene – og det er me! Som de ser så kunne me ha drivi med enno meir enn meg gjer, men det som me har funne ut som er viktigast er å halde spelet og dansen i Hallingdal i hevd og halde hytta vår Hallingbu i stand.

Tuft er eit gammal ord, så her kunne det like gjerne stått vedtekter!

## **Medlemspengar i Hallinglaget for år 2020**

Fullt medlemskap for vaksne: **kr 380,-**.

Fullt medlemskap for studentar og ungdom **under 26 år: kr 250,-** Merk!

For bimedlem, dvs. hovudmedlem i anna lag i BLS: **kr 200,-**

Medlemskap for barn under 15 år: **kr 100,-**

Bankgiro innbetalingskort ligg ved første sendinga etter nyttår, elles er det berre å betale til kontonummeret nedanfor. **Hugs namn på innbetalingskortet!** Betal gjerne, for laget treng pengar for å klare seg! Hallinglagets konto i Cultura Bank er **1254.05.18988**.

Hallinglaget har Vipps til denne konto, med **Vipps** kode: **48034943**

---

### **Medlemskap i Hallinglaget gjer deg desse fordelane:**

- Reduksjon i pris på samkomer i Hallinglaget, som skipar til lagskveldar, øvingskveldar og kurs i hallingspringar.
  - Rimeleg leige av Hallingbu, hytta vår i Lillomarka med plass til 15 personar.
  - Lagsavisa Hallingljom to gonger i året.
  - Reduksjon i pris på Det norske Teateret mot å syne medlemskort.
  - Redusert pris på Folkedanskveldane i Nordahl Bruns GT. 22. Kvar sundag er det gammaldans, bygdedans, songdans og evt. turdans frå kl. 19.30–23.00.
  - Redusert pris på Kaffistova, Hotell Bondeheimen og Heimen Husflid.
  - Informasjon om andre folkemusikktiskipingar i hovudstaden (post/meldingsliste).
- 

### **Hallinglaget har fått eige organisasjonsnummer.**

Hallinglaget har fått organisasjonsnummer: **982 732 840**, og er nå registrert både i Enhetsregisteret og Frivillighetregisteret i Brønnøysundregistrene.

Merk dykk at om ein veljar Hallinglaget som grasrotmottakar, får laget få 5 % av det beløp folk tipper for. Dette gjelder for alle spill Norsk tipping har, bortsett frå Flax og Ekstra. Om du spelar i Norsk tipping er det fint om du også støttar Hallinglaget!

---

### **Hallinglaget i Oslo**

Webside: [www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net)

Facebook: Hallinglaget i Oslo

# TEKNISK ARRANGØR, DANSEMUSIKK OG MINIKURS PÅ FOLKEDANSKVELDAR – 1. HALVÅR 2020

Dato	Teknisk arrangør / Gruppe/spelemannslag	Minikurs
<b>Januar '20</b>		
05.	Symra / Symradern og Att og fram	Aktuelle turdanser
12.	Numedalslaget / Samdanslaget	Folketango
19.	Sogn og Fjordaneringen / Bærum spelemannslag	Bingsjøpolksa
26.	Hordaringen / Østerdølene	Rørospols
<b>Februar '20</b>		
02.	Hallinglaget / Eiker spellemannslag	Hallingspringar
09.	Valdreslaget / Steinsgårdskroken	Folkeswing
16.	Sogn og Fjordaneringen / Østerdølene	Bodapolska
23.	Symra – Oslo stildanstrio	Salongdanser frå Christiania
<b>Mars '20</b>		
01.	BUL?????? / Farande Fant	Folkeswing
08.	Hordaringen / Fanteladdene	Finnskogspols
15.	Sogn og Fjordaneringen / Østerdølene	Bingsjøpolksa
22.	Symra / Symradern og Att og fram	Sunnmørsspringar
29.	Oslo Songdanslag / De Frilynde	Folkeleg menuett
<b>April '20</b>		
05.	Ingen søndagsdans - Palmesøndag	
12.	Ingen søndagsdans – 1. påskedag	
19.	BUL ?????? / Tonje og Stein Magne	Finnskogspols???
26.	Folkedansnemnda / Dølalæte	Springleik
<b>Mai '20</b>		
03.	Symra – Oslo stildanstrio	Stildans
10.	Hordaringen / Golaget	Springleik
17.	Folkedansnemnda / De Frilynde	Ikkje minikurs
24.	Folkedansnemnda / Elise med venner	Rørospols

**Velkommen til Folkedanskveld i Nordahl Bruns gt. 22 i Oslo.**

**Inngang Folkedanskveld:** Medlemmer kr 100,- / ikkje-medl. kr 130,- / Studentar kr 50,-

**Inngang Minikurs:** Medlemmer og ikkje-medlemmer **berre kr. 130,- som inkluderer påfølgjande Folkedanskveld!** **Berre kr. 80,- for studentar**

.

**Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!**

**Meir info.: sjå [www.bls.no](http://www.bls.no)**

# **Styret i Hallinglaget 2019–2020**

<b>Leiar:</b>	Terje Grangård Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo	Tlf.: 482 04 652 – mobil E-post: <a href="mailto:grangard@online.no">grangard@online.no</a>
<b>Nestleiar:</b>	Berit Grøtt Ellefsen Gåserudgata 2A, 3032 Drammen	Tlf: 480 40 062 – mobil E-post: <a href="mailto:beritsatelier@hotmail.com">beritsatelier@hotmail.com</a>
<b>Kasserar:</b>	Gro Sissel Taraldrud Myrlia 51, 1453 Bjørnemyr	Tlf: 480 34 943 – mobil E-post: <a href="mailto:gst@cultura.no">gst@cultura.no</a>
<b>Skrivar:</b>	Heidi Wie Dyringveien 67, 1385 Asker	Tlf: 975 23 734 – mobil E-post: <a href="mailto:heidi.wie@asker.kommune.no">heidi.wie@asker.kommune.no</a>
<b>Medlemer:</b>	Else Mohn Reshjemvegen 247, 3677 Notodden	Tlf: 958 79 270 – mobil E-post: <a href="mailto:helsemor@hotmail.com">helsemor@hotmail.com</a>
	Åsmund Fauske Jøtun Steintrøa 31, 3550 Gol	Tlf: 938 33 229-mobil E-post: <a href="mailto:asmundjotun@gmail.com">asmundjotun@gmail.com</a>

---

## **Bladstyre for Hallingljom:**

<b>Leiar:</b>	Terje Grangård Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo	Tlf: 482 04 652 E-post: <a href="mailto:grangard@online.no">grangard@online.no</a>
---------------	--	---

**Medlemer:** Else Mohn og Olav Arne Løstegaard.

Stoff til Hallingljom kan sendast til Terje Grangård eller til ein i Styret.

## **Hyttestyre for Hallingbu:**

<b>Leiar:</b>	Else Mohn Reshjemveien 247, 3677 Notodden	Tlf: 958 79 270 E-post: <a href="mailto:helsemor@hotmail.com">helsemor@hotmail.com</a>
---------------	--	---

**Medlemer:** Michel Gascoin og Trond Roseth.

**Danseleiar:** Knut Skrindo Tlf.: 413 12 790

**Revisor:** Alix Cordray Tlf.: 917 66 051

**Valnemnd:** Svein Aasen, Hilde Hjetland og Olav Arne Løstegaard.

## **Hallinglaget på nettet:**

Nettadressa er: [www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net) Ansvarleg for nettsidene: Terje Grangård  
Sjå også: [www.bl.no](http://www.bl.no), [www.folkedans.com](http://www.folkedans.com) og [www.folkemusikkscena.no](http://www.folkemusikkscena.no).

Hallingbu



{P}{B}

32%